

Songen om Ulla

Langt imot vest utmot Norskehavet
der tungalda brøler og vaskar og bryt,
der auga vert blinda av sjørokskavet
når storstormen yler og tyt -
der ligg du min heim millom knaus og koll,
millom hamrar, svadberg og stup.
Der kviler du trygt millom åker og voll
og attanfor reiser seg "Hornet" upp
som eit vernande, godsleg troll.

Ofte når stormen seg reiser i velde,
og tårnhøge bylgjor han jager mot land,
dyn ifrå bårebrot svarer frå fjellet
og husa dei svagar og skjelv inn på strand.-
Då kan me oss ynskja ei ørlita stund
ein heimstad so logn og so stor,
men band i vår djupaste hjartegrunn
dei bind oss til heimleg jord.

Ver med op på fjellet når heimen vår smiler
i solskin og fjorden er speglblank og still !
Sjå storhavet du, kor lognt det kviler,
det er som det aldri seg reisa vil.-
Og sjå, ein måneljos vinterkveld
når smågræla leikar so linnt
og fjorden og havet er sylv og eld.
Å, då kan du sjå her er fint !
Då vil me 'kje byta vår heim ut med hav,
for me elsker vår heimstad, vår mor.
Me takkar deg Gud for den heim du oss gav,-
den venaste staden på jord !

Tekst: Johan Bernt Ulla